



Økonomiplan for 2023 — 2026

Øystre Slidre kommune



Vedtatt i kommunestyret 15.12.2022 sak KS-61/22

V2023-01-06

https://pub.framsikt.net/2023/oystre-slidre/bm-2023-økonomiplan_2023-2026/

Innhald

Forord	4
10 på topp hovudprioriteringar	4
Plangrunnlaget	5
Hovudmål for kommunen	5
Forutsetningar som er lagt til grunn i økonomiplanen	5
Kommunen sine langsiktige økonomiske handlingsreglar	8
Økonomiske utfordringar og prioriterte tiltak for styrking og balansering	8
Økonomiske utfordringar i planperioden	8
Nye styrkingstiltak og tiltak for å balansere budsjettet	9
Utvikling i befolkning	10
Befolkningsutvikling per årsak	10
Demografi	11
Økonomisk utvikling i planperioden	12
§ 5-4 Bevilgningsoversikt – drift (1A)	12
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	13
Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	14
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	15
Kommunen sine tenesteområde	17
Rådmannen - fellesområde	17
Analyser og utfordringar	17
Måltabell	17
Kostra-analyse	17
Driftsbudsjett	18
Samandrag budsjett	18
Opplæring og kultur	20
Analyser og utfordringar	20
Kvalitetsvurdering	21
Måltabell	22
Kostra-analyse	23
Driftsbudsjett	25
Samandrag budsjett	25
Innsparingstiltak	26
Nye tiltak	26

Helse og omsorg	27
Analyser og utfordringer	27
Kvalitetsvurdering	30
Måltabell	31
Kostra-analyse.....	32
Driftsbudsjett	34
Samandrag budsjett.....	34
Nye tiltak	35
Tekniske tenester	36
Analyser og utfordringer	36
Måltabell	38
Kostra-analyse.....	40
Driftsbudsjett	43
Samandrag budsjett.....	43
Innsparingstiltak.....	44
Investeringar i økonomiplanen	45
Investeringstabell for kommunen samla	45
VA-investeringar	50
Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	58
Budsjettvedtak	60
§ 5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)	60
§ 5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)	61
Økonomisk oversikt drift etter § 5-6 per art.....	62
§ 5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A)	63
§ 5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2B).....	64
Gebyrliste / betalingshefte	66
Rådmann stab fellestenester	66
Opplæring og kultur	67
Helse og omsorg.....	68
Tekniske tenester	72
Vedlegg	85
Vedlegg 1 - Næringsmessig bruk av eideomsskatteinntektene.....	85

Forord

Den økonomiske situasjonen for kommunen i 2023 er svært krevjande og usikker. Grunnen til det er at utgiftene til kommunen aukar sterkt, som følge av auka straumkostnader, auka rente og sterk lønsvekst som følgje av fleire tilsette. Auken i overføringane frå staten dekker ikkje dei auka kostnadene.

Kommunestyret legg vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomisk ramme for tenestene i kommunen, og har vald å ikkje kutte i tenestene i 2023 for å balansere budsjettet. Kommunestyret har i staden vald å bruke oppsparde midlar, dvs. bruk av fond, for å dekke dei auka kostnadene. Dette tærer sterkt på reservane til kommunen, og kan ikkje halde fram som ei varig løysing.

Det er stor usikkerheit til straumkostnader og kraftinntekter i økonomiplanperioden. Dersom kraftinntektene ikkje tek seg monaleg opp frå 2024, må kommunestyret redusere investeringsnivået i generaløkonomien, kutte i tenesteforholdet eller auke andre inntekter frå 2024. Det er lagd inn ein auke i eigedomsinntektene frå 2024, ved at skattesatsen aukar frå 3 til 4 promille. Kommunestyret må i desember 2023 ta stilling til om eigedomsskatten skal aukast eller om andre tiltak skal gjennomførast for å få balanse i økonomien.

10 på topp hovudprioriteringar

Økonomiplanen utgjer handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. Dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden er følgjande:

- Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass, med eit godt arbeidsmiljø og store nok stillingsprosentar. Vi skal innan juni 2023 lage plan for auka arbeidsnærver/ redusert sjukefråvær i heile organisasjonen, og starta gjennomføring av planen.
- Vi skal følgje opp oppvekstplan og oppvekstloftet i Valdres ved tidleg innsats og ved å styrka det tverrfaglege arbeidet retta mot sårbare barn og deira familiar.
- Vi skal busetja inntil 60 flyktingar i 2023 og sikre at alle busette flyktingar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med intro-programmet.
- Vi skal revidere arealdelen av kommuneplanen med bakgrunn i arealstrategien i kommuneplanen.
- Vi skal bygge ut veg, vatn og avløpsanlegg for Heranglie bustadfelt og avklare modellar for samarbeid med næringslivet om utbygging av leilegheitsområda på feltet slik at fleire kan kome inn på bustadmarknaden.
- Vi skal i lag med nasjonale styresmakter og andre samarbeidspartar etablere eit nasjonalt senter for fjellandbruk på Løken gard.
- Vi skal gjennom prosjektet Klima+ legge til rette utbygging av fritidsbustader som i utbygging og drift har positiv klimaverknad og effektiv arealbruk.
- Vi skal invitere til Rein naturglede og innan 2035 doble tal gjestedøgn i kommunen gjennom å:
 - vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå
 - sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper m.v. gjennom selskapet Beitostølen Fellesgoder as.
- Vi skal i samarbeid med andre etablere Fly'a folkehøgskule – ein folkehøgskule for alle - på Heggenes, med idrett, paraidrett og Esport som hovudlinjer.
- Vi skal i lag med idrettslaget og reiselivsnæringa utvikle Beitostølen stadion med sikte på å auke bruken av området gjennom heile året.

Utviklingsområda er ei oppfølging av samfunnsdelen av kommuneplanen, og vil verte prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmidlar i planperioden. Kommunestyret vil bli orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda i tertialrapportane.

Investeringsramma i planperioden er på om lag 586 mill. kroner, inkl. ca. 69 mill. som er overført frå 2022. Det er m.a. sett av til saman 504 mill. til tiltak på vatn og avløp. Av dette er det budsjettert at 68 mill. skal gjennomførast i 2023. I tillegg er det sett av 4,6 mill. kroner til nye energiløysingar kommunale bygg, 8,5 mill. til bustadfelt Heranglie, 1,9 mill. til ferdigstilling av avlastingsbustad, og 10,5 mill. til infrastrukturtiltak på Beitostølen. Planlagd låneopptak samla for investeringane i planperioden er om lag 559 mill. kroner, der 504 mill. er innan sjølvkostområdet vatn og avløp.

Plangrunnlaget

FN sine berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030, og desse er innarbeida i kommunens prioriteringar i kommuneplanen. Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld dei overordna visjonane, verdiane og satsingsområda til kommunen. Økonomiplanen, med 10 på topp, er handlingsdelen av kommuneplanen.

Hovudmål for kommunen

- Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggjarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.
- Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.

Forutsetningar som er lagt til grunn i økonomiplanen

Vesentlege delar av driftsbudsjettet er basert på eksterne vedtak, prognosar og vurderingar. Nedanfor fylgjer informasjon om nokre av dei viktigaste forutsetningar vi har lagt til grunn i det framlagte driftsbudsjettet i økonomiplanen 2023-2026:

Inntekter:

- Skatt på inntekt og formue for 2023 er basert på prognosar frå statsbudsjett for 2023 / KS prognosemodell. Skatteinntektene vil vera avhengig av skatteinntektene i eigen kommune og skatteinntektene nasjonalt. Skatteinntektene i eigen kommune vil bli påverka av endring i folketal og aktiviteten i næringslivet.
- Rammetilskotet er auka i samsvar med føresetnadene i statsbudsjettet for 2023 / KS prognosemodell. Storleiken på rammetilskotet vert påverka av endringar i folketallet og demografien (utgiftsutjamninga). Vi har lagt til grunn SSB og KS sin prognose for folketal, som er 3277 per 1.1.2023 (25 opp frå 1.1.2022, i hovudsak grunna flyktningar bl.a. frå Ukraina), og 3245 per 1.7.2023 (same som per 1.7.2022). Tal på flyktningar er usikkert. Sjå eige punkt nedanfor om flyktningeøkonomi.

Økonomiplan for 2023-2026

- Inntekter frå skatt og rammetilskot og andre driftsinntekter er generelt ikkje auka utover i økonomiplanperioden. Det er heller ikkje utgiftsnivået.
- Eigedomsskatt-inntekter er avhengig av takstnivået og skattenivået. Skattesatsen for bustad og fritidsbustad er som i 2022 budsjettert med 3 promille for 2023. Skattetaksten på energianlegg og næring blir vidareført med 7 promille. Det er estimert ein moderat auke i 2023, men mindre auke enn det som har vore lagt til grunn i tidlegare økonomiplan. Vi forventar ein viss auke frå kraftverk. For bustader og fritidsbustader forventar vi ikkje stor auke i 2023.
- Eigedomsskatt er auka med 6 mill. i budsjettet for 2024 og framover, med bakgrunn i ein forutsetning om at kommunen aukar skatten for bustader og fritidsbustader frå 3 til 4 promille. Dette er nødvendig for å balansere økonomiplanen utan å gjere store kutt i tenestene.
- Kraftinntekter er budsjettert med 7 mill., i tråd med KS-vedtak 34/22. Dette er om lag på nivå med budsjetterte nettoinntekter i økonomiplanen for 22 og prognose for 2023. Vi viser for øvrig til nærare omtale av kraftområdet under "Rådmannen - fellesområde".

Lønn:

- SSB sine prognoser for årslønsvekst for 2022-2023 er lagt til grunn; 4,4% årslønsvekst. Alt er fordelt ut på tenesteområda.
- Lønsbudsjettet er framskrive ut frå stillingsheimlane inkl. endringar som følge av endra brukarmasse, vedtak om spesialpedagogiske tiltak mv. som er kjent per oktober 2022. Det er lagt inn 17,25 nye årsverk sidan økonomiplanen 2022.
- Variabel lønn 2023 er generelt budsjettert med snittet av 2022-budsjettet og prognose for rekneskapen for 2022, men med unntak av sjukelønn og covid-19-lønn.
- Pensjon er budsjettert i tråd med prognosar frå KLP og SPK hausten 2022. Desse viser stor forskjell mellom premiebetaling, som blir belasta ut på tenesteområda, og premieavvik, som blir inntektsført sentralt og aukar «eigedelen», premieavviket, i balansen.

Flyktningeøkonomi:

Vi har i budsjettet lagt til grunn følgjande:

- Kommunen tek i mot 12 flyktningar på ordinært vedtak også i 2023 og åra framover.
- Dei ukrainarane som har fått vedtak om busetting i 2022, blir i kommunen minst fram til sommaren 2024.
- Vi har lagd til grunn 20 nye busettingar frå Ukraina i 2023.
- Vi har rekna utgifter og inntekter for norskopplæring og introduksjonsstønad for 10/12 ordinære flyktningar 12 månader, 20 ukrainarar i fyrste halvår 2023 og 20 ukrainarar i 2.halvår 2023.
- Vi har lagd til grunn at ordinære utgifter til skule, helse mm. blir dekt av auka rammetilskot og skatteinntekter i tråd med folketalsutviklinga.
- For ekstraordinært auka utgifter som følgje av flyktningar, har vi lagd til grunn følgjande finansiering frå integreringstilskotet: Auka husleige til vaksenopplæringa (1.etg. i Klima+ - huset). Særskild språkopplæring og spesialpedagogiske tiltak særleg for flyktningar. Møblering nye bustader for flyktningar.
- Av flyktningeinntektene har vi avsett 2,5 mill. til ubunde flyktningefond i 2023 og 0,5 mill. i 2024, til kostnader som det ikkje er teke tilstrekkeleg høgde for i budsjettet.
- Kr 6 mill. og 4,5 mill. av tilskotsinntektene er teke inn i budsjettet for 2023 og 2024, for å finansiere den generelle kommunale drifta, som eit ledd i balanseringa av økonomiplanen. Vi har dermed ikkje fortsett føresetnaden i økonomiplanen for 2022 om å saldere flyktningøkonomien mot eige disposisjonsfond ("flyktningefond").

Økonomiplan for 2023-2026

- Det er stor usikkerheit i prognosane. Dersom vi busett færre eller nokon flytter ut att av kommunen, får vi ikkje dei inntektene vi har lagt til grunn. Det kan vera nødvendige utgifter også i tida etter at kommunen har motteke tilskot.

Andre driftsutgifter mv.:

- Der auke /nivå på budsjettpostar er vedtekne frå eksternt hald, inkl. interkommunale samarbeid, har vi lagt inn budsjettjusteringa på relevant post på tenesteområda.
- Straumkostnadene har auka svært mykje siste året, og det er svært svingande og usikker marknad framover. Alle prognosar spår at straumkostnadene vil bli vesentleg høgare enn det som har vore nivået før hausten 2021. Vi har lagt til grunn ein straumpris i 2023 på nivå med snittet i 2022 (spotpris 1,8 kr/kWh), og at den vil gå litt ned att i 2024- (til 1 kr /kWh). For generaløkonomien er det lagt inn auke på 7,5 mill. i 2023 og 4,7 mill. i 2024-, basert på denne prognosen.
- Av inntektene frå eigedomsskatt er det lagt inn bruk til nærings- og utviklingsformål som vist i vedlegget. Det utgjer i snitt omlag 10,6 mill. årleg i planperioden, som er omlag 60% av eigedomsskatteinntekter frå bustader/fritidsbustader.
- Generell prisvekst er rekna med den kommunale deflatoren for 2023 på 3,7%, der elementet for prisvekst for varer og tenester vart fastsett til 3,1%. Totalt er dette estimert til ca. 3,35 mill. på utgiftssida og 1,73 mill. på inntektssida. Den generelle prisveksten er ikkje lagt til på tenesteområda p.t., men avsett sentralt under "Rådmannen -fellesområde" med netto 1,6 mill., og vil bli fordelt i løpet av 2023. Faktisk prisvekst er ut frå statistikk siste året 7,5%, og høgare enn det som er lagt til grunn i statsbudsjett og rammeoverføringa til kommunen.

Finans:

- Renteutgifter og avskrivning er rekna ut med bakgrunn i eksisterande investeringar og lån og investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden. Vi har lagt til grunn rentesats på 4,55%, 4,5%, 4,35% og 4,25% i planperioden. Grunnlaget er Kommunalbanken sine sist publiserte budsjettrenter 13.10.2022. Vi har føreset at lån blir teke opp i 2. halvdel av året.
- Renteinntekter er budsjettert i forhold til forventa likviditet i bank og budsjettrenter av 13.10.2022 frå Norges Bank, og forventa renter på ansvarleg låne.
- Avdraga er i samsvar med nedbetalingsplan for låna til kommunen og investeringsplanen, og avdraga tilfredsstillar kommunelova sine krav om minsteavdrag.

Bruk og avsetjing til fond:

- Sjølvkostområda er budsjettert i null med saldering mot bundne sjølvkostfond. Det omfattar områda vatn, avløp, renovasjon, feiing, byggjesak og private planer, spreidd avløp og oppmåling. Basert på vedtak i økonomiplanen 2022 skal desse områda ha full kostnadsdekking av gebyr, inkl. den delen av renter og avdrag som er knytt til sjølvkostområda.
- Andre bundne inntekter, som øyremerka tilskot og tilhøyrande ekstra kostnader og avsetjingar, er i liten grad innarbeida i økonomiplanen. Det er kun gjort i den grad kommunen har fått tilsegn på midla, på særskilte område der tilsagnet har verknad for kommuneøkonomien.
- Det er avsett 2,5 mill. kr og 0,5 mill. kr. til ubunde flyktningefond i 2023 og 2024.
- Det er lagt til grunn at auka straumkostnader blir finansiert av ubunde fond med 7,5 mill. i 2023, 4,2 mill. i 2024 og 3 mill. i 2025-2026.
- Kraftinntekter som overstig ca. 7 mill. kr, er avsett til ubunde kraftfond i tråd med KS-34/22. Vi viser til nærare omtale under "Rådmannen - fellesområde".
- Økonomiplanen er saldert med bruk av ubunde disposisjonsfond, med 8,9 mill. i 2023, 4,6 mill. i 2024, 12,5 mill. i 2025 og 6,5 mill. i 2026, totalt 32,4 mill.

Kommunen sine langsiktige økonomiske handlingsreglar

Kommunestyret legg vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomi som gjev handlingsrom for å utvikle kommunen. Følgjande langsiktige handlingsreglar vil bidra til det:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter skal vera på minst 1,75%.
- Disposisjonsfonda skal utgjera minst 12,5% av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda) skal utgjera maksimalt 50% av brutto driftsinntekter.

Det er ei tilråding frå departementet at netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene skal vere på minst 1,75 %.

Ein kommune må vera i stand til å møte uføresette økonomiske utfordringar og ha midlar på fond for å møte slike situasjonar. Det er difor eit mål for kommunen at sum for disposisjonsfonda skal utgjere minst 12,5 % av brutto driftsinntekter.

Lånegjelda til kommunen har auka monaleg som følgje av utbygging av helsetunet. For at lånegjelda ikkje skal auke ytterlegare, må kommunen redusere andre investeringar utanom sjølvkostområda eller der vi kan finansiere heile eller delar av investeringane eksternt. For å redusere renterisikoen og avgrense kapitalkostnadene, bør gjeld som påverkar "generaløkonomien" (utanom sjølvkostområda og formidlingslån) ikkje overstige 50% av brutto driftsinntekter.

Økonomiske utfordringar og prioriterte tiltak for styrking og balansering

Økonomiske utfordringar i planperioden

Kommunen får i 2023 auka skatteinntekter og rammetilskot med 12,6 mill. kr i forhold til økonomiplanen for 2022. Det skal dekke ordinær pris- og lønnsvekst og demografikostnader. I forhold til prognose for 2022 er auken 5,7 mill. Nominelt er det ein nedgang i skatteinntekter på ca. 5%.

Kommunen har no større utgiftsauke enn inntektsauke, som gjer at det er særskilt utfordrande å balansere økonomiplanen denne perioden. Konsekvensjustert budsjett viser ei resultatmessig forverring / underdekking på ca. 16 mill. for 2023. Hovudårsaker er:

Auka stillingar: Netto verknad om lag 9,5 mill. kr. Det har vore nødvendig å tilsetja og planlegge for fleire årsverk. Dei lovpålagte pliktene til kommunane er vorte fleire. Auken har hovudsakleg vore innan:

- Barnehage/skule: ca. 9,5 årsverk, tilsvarande om lag 6 mill. kr. Hovudsakleg er dette kostnader for spesialpedagogiske tiltak og fulle barnehagar.
- Tilrettelagde tenester: 6,5 årsverk, tilsvarande om lag 4,6 mill. I hovudsak grunna nye brukarar. Det låg også ein mangel/feil i lønsbudsjettet for -22 (vel 1 årsverk).

Økonomiplan for 2023-2026

- Flyktingtenesta: 2 årsverk. Dette er finansiert gjennom auka statlege tilskott.
- Byggesaksbehandlar: 1 årsverk. Dette blir finansiert gjennom auka gebyr (sjølvkost).

Straum-kostnadar kommunale bygg: Har ekstraordinært stor auke, frå normalt +/-30- øre tidlegare år, til 1,8 kr som estimert snitt for 2022 og lagt til grunn i 2023. Prisivået 2023- er usikkert.

Renteutgifter: Auka rentenivå vil utgjere auka kostnad på ca. 4,6 mill. kr (for generaløkonomien). Rentesats har auka frå 2% i økonomiplanen for 2022, til 4,5% for 2023. Samla utgjier det vel 10 mill.

Prisvekst: Generelt høg prisvekst siste året, jf. statistikk 7,5% siste året (kommunal deflator til samanlikning er hhv. 2,5% og 3,1% for 2022 og 2023).

Interkommunale tenester: Dei interkommunale selskapa kommunen deltek i er også påverka, og aukar med 4,5 mill. kr ut over deflator.

Anna: Kommunen sin økonomi blir også til ein viss grad negativt påverka av statlege pålegg som lågare makspris i barnehage, auka arbeidsgivaravgift på lønn over 750`, betaling til nasjonal ehelseløysing, mv.

Reduserte kostnader / auka inntekter: Det er også reduserte kostnader eller auka inntekter på tenestemråda, samla ca. 2,4 mill.

I statsbudsjettet for 2023 har regjeringa lagt til grunn at kommunane må prioritere hardt dette året, alternativt at kommunen må tære på oppsparte middel. Det blir omtala at kommunesektoren har store økonomiske buffere etter høg vekst i inntektene over tid (derunder ekstra høge skatteinntekter siste to åra).

Vi har i denne perioden sett bort frå dei vedtekne langsiktige økonomiske handlingsreglane som skal sikre økonomisk handlingsrom.

Nye styrkingstiltak og tiltak for å balansere budsjettet

Nye styrkingstiltak

I driftsbudsjettet er det lagd inn følgjande styrkingar i planperioden (om lag 1,8 mill. per år):

- 4. fastlege mv., ca. 0,5 mill. i netto årskostnad.
- Barnekoordinator-funksjonen, 0,3 mill. årleg.
- Administrasjon skulane, 0,4 mill. årleg.
- Psykisk helseteneste, 0,04 mill. årleg.
- Demenskontakt, 0,3 mill. årleg.
- Tilskot til bustadutbetring mv. for vanskelegstilte, 0,2 mill. årleg.

Vi viser til nærare omtale under tenestemråda. Desse endringane kjem i tillegg til alle konsekvensjusteringar som er gjort.

Tiltak for å balansere økonomiplanen

For å balansere budsjettet har det vore naudsynt å auka inntektene, redusere kostnadene eller auke bruk av fond. Dette er gjort ved å:

- Redusere næringstiltak (bruk eigedomsskatt, oversikt i vedlegg) med 2,4 mill. i 2023, og totalt 3,7 mill. i perioden.
- Redusere avsetning av statlege tilskott til ubunde flyktningefond, 6 mill. i 2023 og 4,5 mill. i 2024, og nytte dei til finansiering av drifta.
- Auka eigedomsskatteinntekt for åra 2024-2026 med 6 mill. årleg.
- Tære på disposisjonsfonda, med til saman 30 mill. i økonomiplanperioden, derunder 15 mill. i 2023.

Vi viser til nærare omtale under «Forutsetningar som er lagt til grunn i økonomiplanen», «Økonomisk utvikling i planperioden» om disposisjonsfond.

Utvikling i befolkning

Befolkningsutvikling per årsak


Merk: Tabellen frå kostra/SSB viser lågare tal for folkevekst enn folketalet ved inngangen og utgangen av året tilseier. Forskjellen på 11 er innbyggjarar frå Skjel etter grensejustering 1.1.2021.

	2019	2020	2021	2022
Folketal ved inngangen av kvartalet	3 208	3 229	3 236	3 252
Fødde	34	32	25	11
Døde	30	34	29	22
Fødselsoverskot	4	-2	-4	-11
Innvandring	32	31	41	20
Utvandring	17	35	17	8
Innflytting, innanlands	111	130	136	66
Utflytting, innanlands	109	126	141	74
Netto innvandring og flytting	17	0	19	4
Folkevekst	21	-4	16	-7
Folketalet ved utgangen av kvartalet	3 229	3 225	3 252	3 245

Demografi

Prognose vekst

Oversiktene nedanfor viser forventa folketal per 1. januar kvart år for dei ulike aldersgruppene.



Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 25

	2022	2027	2032	2037	2042	2047
0 - åringar	24	30	29	28	27	26
Barnehage (1-5 år)	152	154	154	149	147	141
Grunnskole (6-15 år)	336	320	314	308	310	304
Videregående (16-19 år)	149	136	119	117	120	119
Vaksne (20-66 år)	1 923	1 909	1 857	1 771	1 711	1 693
Eldre (67-79 år)	502	503	504	569	589	559
Eldre (80-89 år)	146	218	268	263	266	314
Eldre (90 år og eldre)	20	25	37	63	84	81
Total	3 252	3 295	3 282	3 268	3 254	3 237

Befolkningsprognosen frå SSB for Øystre Slidre kommune viser nedgang i barn og unge, og auke i talet på eldre. Dette er ein trend som vil påverke kvar utgiftsbehovet aukar og minskar i kommunen framover.

Kommunen buset flyktningar, noko som gjer utvikling av folketalet usikkert framover.

Økonomisk utvikling i planperioden


§ 5-4 Bevilgningsoversikt – drift (1A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Rammetilskot	-112 135	-110 933	-110 933	-118 161	-118 161	-118 161	-118 161
Inntekt- og formuesskatt	-110 369	-110 221	-110 221	-115 567	-115 567	-115 567	-115 567
Eigedomsskatt	-24 007	-24 442	-24 442	-25 550	-31 550	-31 550	-31 550
Andre generelle driftsinntekter	-14 128	-7 959	-7 959	-8 159	-8 159	-8 159	-8 159
Sum generelle driftsinntekter	-260 638	-253 555	-253 555	-267 437	-273 437	-273 437	-273 437
Korrigert sum løyvingar drift, netto	221 142	229 215	229 215	250 883	228 464	233 605	222 670
Avskrivningar	26 467	22 800	22 800	27 400	29 500	31 500	31 500
Sum netto driftsutgifter	247 609	252 015	252 015	278 283	257 964	265 105	254 170
Brutto driftsresultat	-13 030	-1 540	-1 540	10 846	-15 473	-8 332	-19 267
Renteinntekter	-3 049	-1 414	-1 414	-3 540	-3 525	-3 415	-3 315
Utbytte	-3 031	-3 525	-3 525	-3 525	-3 525	-3 475	-3 475
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	3 045	9 150	9 150	19 964	22 970	26 855	32 245
Avdrag på lån	17 936	18 300	18 300	19 700	23 000	27 400	31 055
Netto finansutgifter	14 901	22 511	22 511	32 599	38 920	47 365	56 510
Motpost avskrivningar	-26 467	-22 800	-22 800	-27 400	-29 500	-31 500	-31 500
Netto driftsresultat	-24 596	-1 829	-1 829	16 045	-6 053	7 533	5 743
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	26 750	7 950	7 950	2 735	2 400	6 300	2 000
Avsetningar til bundne driftsfond	13 877	5 192	5 192	4 787	4 787	4 787	4 787
Bruk av bundne driftsfond	-15 940	-6 200	-6 200	-8 500	-7 213	-5 143	-5 053
Avsetningar til disposisjonsfond	20 849	13 107	18 329	12 440	25 868	15 862	11 562
Bruk av disposisjonsfond	-20 941	-18 220	-23 442	-27 506	-19 788	-29 339	-19 038
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	24 596	1 829	1 829	-16 045	6 053	-7 533	-5 743
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0	0

Vi viser til kommentarar under “Økonomiske utfordringar og prioriterte tiltak for styrking og balansering”.


Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	Budsjett 2022	Økplan 2023	Økplan 2024	Økplan 2025	Økplan 2026
Øystre Slidre kommune	0,0 %	0,0 %	1,2 %	6,4 %	0,5 %	-3,7 %	1,4 %	-1,8 %	-1,3 %
Handlingsregel	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %

I 2023 er det budsjettert negativt netto driftsresultat. Resultatet må bli vel 23 mill. bedre om vi skal nå handlingsregelen 1,75% av brutto driftsinntekter dette året. Også i 2025-2026 er det budsjettert med negativt netto driftsresultat. For 2024 er det budsjetterte resultatet vesentleg bedre, ut frå at netto kraftinntekter er estimert å bli forholdsvis høge. Vi viser til omtale av kraftøkonomi under "Rådmannen - fellesområde".

Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter




Tabell	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	Budsjett 2022	Økplan 2023	Økplan 2024	Økplan 2025	Økplan 2026
Øystre Slidre kommune	0,0 %	0,0 %	1,5 %	5,7 %	1,3 %	-5,1 %	-0,3 %	-4,0 %	-3,6 %

Korrigert netto driftsresultat er rekna gir eit betre bilde av kva det reelle økonomiske resultatet er i ein kommune. Netto driftsresultat er korrigert for inntektsføringa av premieavvik på pensjon, som ikkje fører med seg pengar, og netto avsetningar til bundne driftsfond, som har sin motpost i ekstra tilskotsinntekter og ekstra prosjektkostnader.

Trenden er den same som for netto driftsresultat ovanfor.

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	Budsjett 2022	Økplan 2023	Økplan 2024	Økplan 2025	Økplan 2026
Øystre Slidre kommune	0,0 %	0,0 %	14,6 %	13,1 %	12,4 %	7,0 %	8,4 %	5,5 %	3,6 %
Handlingsregel	12,5 %	12,5 %	12,5 %	12,5 %	12,5 %	12,5 %	12,5 %	12,5 %	12,5 %

Grafen over er henta frå Kostra/SSB sin tabell for “kommunekonsern”, og inkluderer dei frie fond i dei selskap kommunen er deleigar i.

Kommunen har mål om at eigne disposisjonsfond skal vera minst 12,5% av brutto driftsutgifter. Vi er over dette nivået i 2022. Den økonomiske utviklinga er meir utfordrande i komande planperiode, og det er budsjettert med bruk av frie fond for å finansiere dei kommunale tenestene. Dei frie fonda til kommunen vil ut frå dette gå ned til langt under handlingsregelen:

Fri egenkapital drift	Progn.endr.ut frå ØP-23					
	2021	2022	2023	2024	2025	2026
År						
Fri egenkapital drift i % av brutto driftsinntekter	13,1 %	12,5 %	7,0 %	8,4 %	5,5 %	3,6 %
Handlingsregel	12,5 %	12,5 %	12,5 %	12,5 %	12,5 %	12,5 %
Sum driftsinntekter (heile 1.000 kr)	387 355	366 880	436 594	438 635	425 254	435 961
Fri egenkapital drift (heile 1.000 kr)	50 821	45 708	30 642	36 721	23 244	15 768

Det er nødvendig med ein auke i fonda på omlag 24 mill. for å koma opp på handlingsregelen i 2023.

Kommunen sine frie fond består av:

- Ordinært disposisjonsfond: Fondet blir belasta med 51,2 mill. i planperioden, for å dekke auka straumkostnader og saldering av driftsbudsjettet.
- Eigedomsskattefond næringstiltak: Avsetjing og bruk av fondet går normalt i null kvart år. Fondet er per 2022 på 2 mill.
- Flyktningefondet: Blir brukt til å avsetja inntekter (tilskot) knytt til å ta imot flyktningar, for å finansiere uføresette utgifter og/eller nødvendige utgifter år etter at kommunen tilskotsperioden for flyktningane. Fondet er per 2021 på 2,5 mill. Vi har budsjettert med å avsetja 2,5 mill. i 2023, og 0,5 mill. i 2024. Fondet er budsjettert å utgjera 5 mill. ved utgangen av planperioden. Det er stor usikkerheit til flyktningøkonomien. Vi må rekne med det kan bli lågare inntekter eller høgare utgifter som må dekkast av fondet i planperioden.
- Kraftfond (nytt): Vi har budsjettert å avsetja til fond i 2024 og framover, med 14 mill. i 2024, 3 mill. i 2025 og 3 mill. i 2026. Det baserer seg på estimert netto kraftinntekter som overstig det vedtekte nivået som skal nyttast i drifta (7 mill.). Vi viser til omtale av kraftøkonomi under "Rådmannen - fellesområde". Samla avsetning i planperioden er 19,8 mill.

Mogelege likviditetsutfordringar

Ein stor del av kommunen sin frie eigenkapital drift inneheld premiefond, som er inntektsført og ført opp som ein fordring, utan at det følger pengar med. Inntektsføringa er i tråd med kommunelova sine reglar for rekneskapsføring av pensjon. Kort fortalt kostnadsfører kommunen mindre pensjon enn det vi betaler i pensjon, og forskjellen blir ført opp som fordring i balansen. Per 2021 var premiefondet 27,6 mill. I 2023 er det budsjettert med ytterlegare 14,7 mill., slik at saldo på premiefondet vil bli 42,3 mill. kr. Det er 11,2 mill. kr meir enn estimert saldo i frie fond. Dette inneber at kommunen må rekne med å låne av ubrukne lånemiddel eller ta opp likviditetslån for å betale for den løpande drifta, noko som kan gje auka rentekostnader. Kommunen har hittil hatt god likviditet, og kunne vente med å ta opp lån til seint på året. Det vil truleg endre seg til at vi må ta opp lån tidlegare på året, noko som vil auke rentekostnadene for året.

Kommunen sine tenesteområde

Rådmannen - fellesområde

Analyser og utfordringer

Kommunen nyttar eit elektronisk internkontrollsystem. Dette er under stadig utvikling, og inneheld:

- Reglement/rutinar/prosedyrar (870 dokument per november 2022)
- System for ROS-analyser
- System for avviksmeldingar/-handtering (inkl. ulykker/nestenulykker)
- System for varsling

Det vart i løpet av 2021 meldt om 126 avvik. Dette er noko mindre enn dei føregåande åra.

Kommunen hadde jan-okt.-22 eit sjukefråvær totalt på 10,9%. Dette er høgare enn gjennomsnittet i kommunen dei siste 10 åra. Til samanlikning var totalt sjukefråvær i 2012 på 9,5%. Koronaen kan vera ein delforklaring til auken i 2022. Rådmannen er ikkje nøgd med nivået, og arbeider med tiltak som kan betre situasjonen.

Det har ikkje vore gjennomført brukarundersøkingar eller vore tilsyn på rådmannen eller stab sine område siste år.

Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggjarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	Ubehandla avvik
	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.	
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	Innanfor budsjett

Kostra-analyse

Prioritet	Øystre Slidre	Øystre Kostragruppe	Landet uten
	2020	Slidre 2021	04 Oslo
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) * **)	2 060	6 157	5 061
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) * **)	449	180	235
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) * **)	469	456	617

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Kommunen har høgare administrative utgifter enn fjorår og snittet i Kostra. Det er mykje skjønn knytt til kva som skal fordelast ut på tenestefunksjon og kva som skal ligge på administrasjon, og praksis varierer mykje mellom kommunane.

Kommunen har i 2021 brukt mindre til kontroll og revisjon enn gjennomsnittet i kostragruppe 04, men meir enn landet utanom Oslo.

Kommunens utgifter til politisk styring gikk litt ned i 2021 og 2020, som vi må rekne med har sin hovudårsak i koronaen. Kommunen ligg på same nivå som gruppene kommunen samanliknar seg med.

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Politisk leiing og kontrollorgan	2 433	2 883	3 041	3 041	3 041	3 041
Rådmannen felles	1 955	3 706	5 998	5 998	5 998	5 998
Stab	15 898	17 124	17 942	17 536	17 357	17 357
Kraftforvaltning	-14 938	-11 871	-11 920	-26 212	-14 641	-14 641

Samandrag budsjett

Budsjettendringar

Politisk leiing, rådmannen felles og stab

Auken på området "Rådmannen felles" og "Stab" skuldast i hovudsak lønnsstigning, og at prisauken netto for kommunen som heilheit er lagt her (1,6 mill.).

Det er lagt inn ei ny 100% stilling frå 2. kvartal 2023 innan økonomi (heilårskostnad ca. 0,65 mill.). Vi har lagt til grunn ekstra lønnskostnad med 0,5 mill. i 2023 og 0,2 mill. i 2024. Dette er meir enn finansiert gjennom auka inntekter frå IKS (0,2 mill.) og finansiering frå sjølvkost (0,3 mill.) pga. auka ressursbruk, og reduksjon i meirtid/overtid.

Kraftforvaltning

Dette området inneheld netto inntekt av kraftsal, og utbytte og andre kraftrelaterte inntekter frå kraftselskap kommunen er eigar i.

Kraftinntekter er budsjettert netto inn i drift med 7 mill., i tråd med KS-vedtak 34/22. Dette er om lag på nivå med budsjetterte nettoinntekter i økonomiplanen for 2022 og prognose for 2023. Dersom kommunen oppnår høgare nettoinntekter enn dette, er det vedteke at inntektene skal avsetjast på kraftfond inntil fondet utgjør 53 mill. kr. Netto driftsinntekter ligg under dette området, medan avsetning til ubunde kraftfond ligg under sentralt fellesområde.

Kraftprisane har dei siste åra utvikla seg på ein måte som vi ikkje har sett i dei tretti åra Norge har hatt ei markeds-organisering av kraftforsyninga. Snittet tidlegare år var +/- 30 øre, før det steig mykje frå hausten 2021. Prognose for snitt i 2022 er 1,8 kr. Prisprognosane varierer mykje, og usikkerheita er svært stor, men alle prognosar ligg vesentleg over det som har vore vanleg kraftpris tidlegare år.

Økonomiplan for 2023-2026

Det er likevel ikkje lagt inn auke i driftsinntektene frå 2022 til 2023. I 2023 vil kommunen sine netto kraftinntekter neppe overstige den budsjetterte summen på 7 mill. Hovudgrunnen til at resultatet ikkje blir betre på tross av forventa høge marknadsprisar, er at kommunen, i tråd med tidlegare vedteken forvaltningspraksis, har prissikra /seld ein stor del av kraftmengdene for 2023 til fastpris, samstundes som vi må rekne med å betale høgare kostpris for krafta framover. Kostprisen er basert på sjølvkost hjå produsent, og den er påverka av auka grunnrenteskatt vedteke i statsbudsjettet for 2023, og av generelle marknadsprisar.


For 2024 ventar vi igjen å få inntekter frå kraftrettane våre. Vi har lagt til grunn gjennomsnittleg spotpris på 75 øre/kWh. Det vil gje ei auka nettoinntekt og avsetning til ubunde kraftfond på vel 14 mill. Prisprognosane for seinare år er svært usikre. Vi har lagt til grunn ein gjennomsnittleg spotpris på 50 øre. Det vil kunne gje årleg nettoinntekt over dei vedtekne 7 mill., og avsetjing til kraftfond med ca. 2,7 mill.

Størrelse på nettoinntekta og avsetninga til fond er usikre. Kraftprisane kan bli både høgare og lågare enn det som er lagt til grunn ovanfor. Kraftinntektene til kommunen er og sett i spel, då inntektsutvalet i si innstilling NOU 2022:10 har foreslått å trekke inn inntekter frå kraft frå kommunane, og fordele dei ut att gjennom rammetilskotet. Avgjerd om dette skal etter planen kome ila. 2023. I statsbudsjettet for 2023 er det også lagt inn auke og varig grunnrenteskatt på kraftproduksjon, og høgprisbidrag på konsesjonskraft og produksjon for 2023 og 2023-2024.

Opplæring og kultur

Analysar og utfordringar

A.1 Demografisk utvikling



Tabellen syner at vi kan forvente ein svak nedgang i barnetalet fram mot 2050. Denne tabellen tek ikkje med auka busetting av flyktningar, og vi legg til grunn stabilt barnetal som føresetnad.

Oppstart 1. kl	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Tal elevar	40	26	19	35	34	25

A.2 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Nasjonale reformar vil prege oppvekstområdet dei komande åra. Kommunen har fått eitt større ansvar for å gje rett hjelp til rett tid for barn og unge med barnevernsreforma og "Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis". I Valdres arbeider vi med begge reformene i "Oppvekstløftet for ungar i Valdres". Ein del av arbeidet er å utarbeide ein felles førebyggjande plan for barn og unge i Valdres.

A.3 Lokale utviklingstrekk og utfordringar

I samsvar med planstrategien er det utarbeidd ein Oppvekstplan for Øystre Slidre kommune 2023-2026, vedteke av kommunestyret i november 2022. Oppvekstplanen med handlingsdel vil vera førande for arbeidet innanfor opplæring og kultur.

Dei nasjonale reformene vil krevje ei omstilling i tenestene, og krev godt samarbeid mellom tenestene i kommunen. Det vil vera behov for kompetanseheving, noko som vil kunne få økonomiske konsekvensar. Kommunen skal ha ein førebyggjande plan. I Valdres blir det utarbeidd ein regional førebyggjande plan, og i tillegg er ein del av oppvekstplanen ein lokal førebyggjande plan som ivaretek lokal samhandling.

Barnehage: Vi ser ei auke i born med behov for spesialpedagogisk hjelp. Vi har lagt til grunn bemanning for fulle barnehagar i 2023. Det er behov for å ha fleire barnehageplassar å tilby i kommunen.

Skule: Barnekulla variere i åra framover, og vi vil få eit par år med små kull, så tek talet seg oppatt. Tilflytting vil kunne justere dette talet. Det har vore ei auke i behovet for spesialundervisning og særskilt språkopplæring, noko vi må ta omsyn til ved tilsetjing og ved kompetansehevande tiltak.

Det psykososiale miljøarbeidet på skulane er særskilt ressurskrevjande. I dag tek dette mykje av undervisningstida og tid frå leiinga i skulen. Det vil vera behov for tiltak som lettar på dette. Det er sett i gang kompetanseheving i barnehagane med fokus på tilknytning. Vidare skal skulane bli kursa i same program. Programmet vil ivareta relasjonsbygging og tilknytning både i barnehage, skule, og tilsette kan rettleie heimar. Inspektør i 20% stilling på skulane har vore til hjelp for leiinga i skulane. Ei skule har ikkje tilsett inspektør, men der er det sett inn andre ressursar som støtte, fram til vi får tilsett inspektør. Det er ønskeleg å auke inspektørstillinga på skulane.

Rekruttering: kommunen har gjeve dispensasjon frå kompetansekrav fordi vi ikkje får tilsett nok kvalifiserte barnehagelærarar. Det vil vera viktig at vi får rekruttert barnehagelærarar i åra framover. Nokre tilsette tek barnehagelærarutdanning ved sida av jobb. I skulen er det greitt å rekruttere assistentar og miljørettlearar. Det er krevjande å få rekruttert nok lærarar med brei nok fagkrins. Vi har tilsette som no tek utdanning, og det er positivt.

Kultur: Kultur skal famne eit breitt tilbod til barn og unge. Med nye tilbod når vi andre ungdom enn med dei meir tradisjonelle aktivitetane. Det er i gang eit forsøk med mekkeklubb og gaming. Det er god søknad til kulturskulen, og aktiviteten med konsertar ol. har teke seg opp etter koronaen. Det er eit satsingsområde å kunne tilby møteplassar, kulturelle opplevingar og variert tilbod om opplæring for innbyggjarane i kommunen.

Flyktingområdet: for dei neste åra vil flyktingesituasjonen truleg krevje at vi opprettheld den kapasiteten vi har til å ta imot flyktingar. Vi skal gjera eit arbeid med å få ein god plan for språkopplæringa for barn og unge jf. oppvekstplanen og ha tilsette med kompetanse innafor særskild språkopplæring. I dag har vi tilsette på barneskulane med denne kompetansen og tilsett på ØSUS som ynskjer å ta denne vidareutdanninga. Vaksenopplæringa førebur seg på fleire med behov for tilbod og vi ser på bruk av lokalar og arbeid med å gje tilbod om språkpraksis og vidare hjelpe dei ut i arbeid.

Øystre Slidre kyrkjelege fellesråd: Fellesrådet har meldt inn at det vil kome ei sak til kommunen med ynskje om lik handsaming for kremasjon og kistegraver. I dag er det gratis med kistegravferd, medan det er avgift på kremasjon.

Kvalitetsvurdering

Det vart gjennomført tilsyn i dei kommunale barnehagane våren 2022. Det vart ikkje meldt om avvik.

Det vil bli gjennomført foreldreundersøking i barnehagane og skulane november/desember 2022. Det er fleire år sidan det er gjennomført foreldreundersøking grunna Covid. Vi er no i gang att med foreldreundersøking annakvart år.

Vi gjennomføre no HMS-undersøking for alle tenestedområda i kommunen.

Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbygarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	ROSanalyser
		Rutiner
	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.	Sjukefråvær
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	Innanfor budsjett
	Flyktningetenesta: Alle flyktningar er i jobbe eller utdanning når dei er ferdig med introprogrammet	
	Opplæring og kultur: Alle barnehageforeldre skal oppleve å bli tatt imot, å bli ivareteke på ein god måte i kvardagen og få vidareutvikle foreldrekompentansen.	Foreldreskule i barnehagen
	Opplæring og kultur: Alle elevar skal ha eit godt, trygt og inkluderande læringsmiljø.	Foreldreundersøking Elevunders. 10. trinn - Elevdemokrati og medvirkning Elevunders. 10. trinn - Felles regler Elevunders. 10. trinn - Læringskultur Elevunders. 10. trinn - Mobbet av andre elevar på skolen Elevunders. 10. trinn - Trivsel Elevunders. 7. trinn - Elevdemokrati og medvirkning Elevunders. 7. trinn - Felles regler Elevunders. 7. trinn - Læringskultur Elevunders. 7. trinn - Støtte fra lærerne Elevunders. 7. trinn - Trivsel
	Opplæring og kultur: Alle ungane i barnehagen skal ha minst ein å vera i lag med.	Sosiogram - løpende observasjon
	Opplæring og kultur: Auke aktiviteten i Tingvang kulturarena for unge og vaksne gjennom konsertar, debattar, standup, foredrag mv.	
	Opplæring og kultur: Barnehagane skal gjennomføre kompetansehevingstiltak for alle tilsette.	Kompetanseheving
	Opplæring og kultur: Elevane skal ha ei god fagleg utvikling.	Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing Nasjonale prøver 8. trinn: Regning Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing, mestringsnivå 1 Nasjonale prøver 9. trinn: Regning Nasjonale prøver 9. trinn: Regning, mestringsnivå 1
	Opplæring og kultur: Kvar ped-leiar skal årleg dele sin kunnskap med andre tilsette i barnehagen på avdelingsmøte.	Kompetansedeling

Økonomiplan for 2023-2026

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2020	Øystre Slidre 2021	Kostra- gruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Andre kulturaktiv. og tilsk. til andres kulturbygg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	409	359	538	468
Barnehage nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	9,6 %	9,9 %	11,7 %	14,4 %
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (215) Skolefritidstilbud (B) *) **)	277	339	571	894
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *)	2 068	1 762	2 516	2 684
Netto driftsutgifter per innbygger (231) aktivitetstilbud barn og unge (B) *) **)	217	204	112	184
Netto driftsutgifter per innbygger (370) bibliotek (B) *) **)	355	374	382	310
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager *) **)	190 048	157 447	201 484	183 795
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år *) **)	124 554	115 091	110 881	99 158
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år *)	6 189	6 833	4 378	2 865
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år *) **)	2 976	5 017	6 086	6 826
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,5 %	1,5 %	1,3 %	1,0 %
Skolelokaler brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	3,8 %	3,0 %	2,4 %	2,8 %
Skoleskyss brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	0,6 %	0,6 %	0,5 %	0,3 %
Produktivitet				
Driftsutgifter til undervisningsmaterieil (202), per elev i grunnskolen *)	2 140	2 091	2 111	1 828
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker *)	15 872	17 207	23 751	23 407
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev *)	172 754	172 381	155 718	133 287
Dekningsgrad				
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	5,6 %	7,4 %	1,7 %	3,1 %
Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B)	36,3 %	34,8 %	19,2 %	13,3 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	6,7 %	9,9 %	10,1 %	7,9 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	1,8 %	3,6 %	2,9 %	4,7 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent)	78,3 %	76,7 %	79,6 %	85,6 %
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	24,5 %	25,9 %	21,7 %	18,0 %
Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (B)	4,5	4,8	3,3	2,4
Kvalitet				
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	45,9 %	39,0 %	43,4 %	42,7 %
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	95,2	90,7		
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	3,8	3,7		
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	39,5	40,8	42,2	43,0
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	10,7	9,7	11,0	12,7

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Skule

Kommunen nyttar omlag 1/4 av samla netto driftsutgifter innan grunnskulesektoren. Dette er noko over kostragruppa og landet. Ser vi på netto driftsutgifter per innbyggjar 6-15 år ligg kommunen omlag likt med kostragruppa, ca. kr 5000 over pr. innbyggjar 6-15 år. Innanfor skulefritidsordning er brutto driftsutgifter lågare samanlikna med kostragruppa og landet, men utgiftene auka frå 2020 til 2021. Vi har færre timar med SFO enn mange andre stader i landet, og det kan vera noko av forklaringa til at vi ligg noko under på utgifter. Det vil truleg auke vidare, da 1.-klassingane har gratis SFO 12 timar i veka frå hausten 2022. Vi har fleire elevar på SFO hausten 22 enn tidlegare år.

Økonomiplan for 2023-2026

Kommunen ligg jamnt med kostragruppa innanfor omfang av spesialundervisning, og noko over landet. 1/4 av lærartimane går til spesialundervisning. Dette er ei auke. Særskild språkopplæring har auka, og det vil det også truleg gjera framover grunna busetting av fleire flyktingar.

Nasjonale prøver viser at vi ligg over kostra og landet på lesing 8. trinn, og innanfor rekning ligg vi likt. Ser vi på resultatane frå 5. og 9. trinn ligg dei over kostra og landet innanfor lesing. Rekning viser noko varierende resultat, men her er det ikkje store skilnader frå landet og kostragruppa.

Kommunen ligg noko under landet og kostra på grunnskulepoeng. Utviklinga samanlikna med tidlegare år, viser ei positiv utvikling, men det er fortsatt ein signifikant skilnad.

Del undervisning gjeve av undervisningspersonale med godkjend utdanning fortel kor stor del av årstimane som er gjennomført av undervisningspersonalet med godkjend utdanning i dei faga og trinna dei underviser i. Her har vi ein nedgang på 4%, frå 95% i 2020 til 91% i 2021. I skuleåret 2021-2022 er det mange av lærarane i kommunen som studerer, og jobbar redusert. Vi klarte ikkje ved permisjonar å dekke opp med kvalifiserte lærarar i alle stillingane. Skuleåret 2022-2023 er det færre som studerer, men også dette året vil det vera ein del tilsette som ikkje har godkjent utdanning til undervisning.

Elevundersøkinga viser at på to trinn ligg kommunen under på elevane sin trivsel samanlikna med landet og kostragruppa. Dei andre trinna får vi ikkje samanlikna med kostra/landet, men dei viser ein høgare trivsel. Svara i elevundersøkinga blir analysert av skulane og dei set inn tiltak der det er behov. Vidare vil vi no kunne ha fleire sosiale arrangement når vi ikkje har smitteverntiltak som avgrensing.

Skulebygg: Kommunen har lege høgt på brutto driftsutgifter til skulebygg samanlikne med kostra og landet. Vi ligg fortsatt høgare, men kostnadane har gått ned frå 3,8% i 2020 til 3,1% i 2021.

Barnehage

Kommunen nyttar 10% av samla netto driftsutgifter til barnehage. Dette er under kostragruppa og landet. Vi såg ein tydeleg reduksjon mellom 2019 og 2020 i samband med endring av barnehagestrukturen. No har netto driftsutgifter hatt ein lite auke. Vi har no tilnærma fulle barnehagar, men frå hausten -22 har familieane fått sitt fyrsteval og vi har nokre få ledige plassar. Det blir arbeidd med ulike løysingar kortsiktig og langsiktig for å dekke barnehagetilbod til alle som har behov for det.

Kommunen har 50 000 kr lågare driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i barnehage enn kostragruppa. Her er det ein reduksjon frå 2020, ein forventa reduksjon med full verknad av endring av barnehagestrukturen.

Det er ei auke i barn som får ekstra ressurs til styrka tilbod i barnehagane. Det er ei betydeleg endring dei siste åra, som krev styrka bemanning i alle barnehagane jf. barnehagelova.

Kostrar viser at 39% av grunnbemanninga er barnehagelærarar. I dei kommunale barnehagane ligg vi på 49% og 42%. Privat barnehage har i registreringa i BASIL tatt med ekstra vikarbemanning. Dette gir utslag på del barnehagelærar av grunnbemanning. Barnehagen er innanfor pedagognorm.

Kultur

Kommunen har redusert tilskot til andre kulturaktivitetar og kulturbygg dei siste åra. Vi låg tradisjonelt høgt her. No ligg vi noko under kostragruppa og landet.

Innanfor kulturskolen har vi gått ned per innbyggjar i kroner og vi ligg på 2,4 % i netto driftsutgifter av kommunen si totale netto driftsutgifter på kultur mot 3,3 % i kostragruppa og 4,1 i landet. Ser vi på kor

mykje vi nyttar per innbyggjar 6-15 år, brukar vi omlag 2500 kr meir enn kostragruppa på kulturskulen. Dette fordi vi har ein høg del av grunnskuleelevane i kulturskulen. Vi har 40% av grunnskuleelevane i kulturskulen, Oslo har 13%. Kostra vise at vi har høgare del venteliste enn kostragruppa og landet, men noko på dans og foto der vi ikkje har klart å tilsette nokon med denne kompetansen. Elevar har da fått tilbod om anna aktivitet.

Biblioteket er mykje brukt, og vi ligg høgt på utlån per innbyggjar. Skulebiblioteka er også mykje brukt.

Kyrkja

Øystre Slidre kommune har over fleire nytta 1,5 % av totale netto driftsutgifter til kyrkja. Dette er over Kostragruppa og landet.

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Felles opplæring og kultur	5 319	5 742	7 520	7 520	7 610	7 610
ØSUS	12 058	13 258	12 787	12 819	12 819	12 819
Rogne skule	13 969	14 636	16 592	16 668	16 668	16 668
Lidar skule	13 315	13 747	14 306	14 380	14 380	14 380
Rogne barnehage	10 244	9 805	12 903	12 567	12 567	12 567
Beito barnehage	5 294	5 369	6 657	6 657	6 657	6 657
Private barnehager	4 757	5 046	5 988	5 988	5 988	5 988
Kulturavdelinga	9 115	8 947	9 690	9 690	9 690	9 690
Flyktningetenesta	4 416	-130	-6 000	-4 500	0	0
Sum	78 483	76 420	80 443	81 789	86 379	86 379

Samandrag budsjett

Budsjettendringar

Hovudårsaker til auka driftsrammer er:

Felles opplæring og kultur:

- Auken skuldast at skuleskyss er flytta hit frå budsjettet til den enkelte skule, med totalt 2,6 mill.
- Budsjettet for området er redusert med del av kommunalsjef stilling, etter at det vart ein felles kommunalsjef i helse og omsorg og opplæring og kultur i 2022.

Skule:

- Reduksjon skuldast at skuleskyss er flytta får skule til felles opplæring og kultur.
- Budsjetter er auka med ca. 4 årsverk, tilsvarande om lag 3 mill. kr. Hovudsakleg er dette utgifter til spesialpedagogiske tiltak. Deler av auken er finansiert av flyktningetilskot (ca. 1,3 mill.)
- Administrasjon skulane er styrka med 0,4 mill. årleg.

Økonomiplan for 2023-2026

- Reduserte inntekter og ev.auka bemanning SFO, etter einigheit om statsbudsjettet og gratis SFO for 2.klassingar frå hausten 2023 (0,2 mill.)
- Øvrig auke skuldast i hovudsak lønnsstigning.

Barnehage:

- 5,5 årsverk. Bemanning er auka pga. fulle barnehagar. I tillegg er det lagt inn auke for spesialpedagogiske tiltak (som skal ligge oppå grunnbemanning jf. barnehagelova). Tilsvarende omlag 3,5 mill.
- Det er ein viss reduksjon i eigenbetaling/refusjonsinntekter, som følgje av redusert maks-sats barnehage og auke rabattar for opphald.
- Øvrig auke skuldast i hovudsak lønnsstigning.

Kulturavdeling:

- Auken skuldast lønnsstigning.

Flyktingtenesta:

- Auke på 2 årsverk, finansiert gjennom auka statlege tilskott.
- Auken i inntekter skuldast at 6 mill. og 4 mill. av statlege tilskott i 2023 og 2024 er inntektsført som finansiering av drift, og ikkje avsett til ubunde flyktingefond.

Innsparingstiltak

Redusere avsetning til flyktingefond -23-

I konsekvensjusterte driftsbudsjett er det sett av 8,5 mill. kr til flyktingefondet i 2023 og 5 mill. i 2024. Det står ca. 2,5 mill. på fondet frå 2021, og det er ytterlegare budsjettert med avsetning 2022 på 1 mill., samla ca. 12 mill. Utgiftsbehovet framover er usikkert, og vi må ha noko reserve på flyktingefondet. Det er også usikkert kor lenge flyktingar blir, noko som påverkar inntektene vi har budsjettert med. Vi viser til omtale av forutsetningar lagt til grunn for den framlagte økonomiplanen. Det bør difor vera att ein god buffer på fondet. Ca. 6 mill. kan brukast til å finansiere utgifter i 2023, og 4,5 mill. i 2024. Redusert avsetning er innarbeida i den framlagte økonomiplanen for 2023-2026. Då er det avsett 2,5 mill. i 2023 og 0,5 mill. i 2024 til uforutsette utgifter.

Nye tiltak

Styrke administrasjon skulane

Skuleleiinga bruker mykje av tida si på å skaffe vikarar. Skulane brukar også mange ressursar på å arbeide med skulemiljø, både på gruppenivå og individnivå. Ressursen blir take frå tid til undervisning og frå tid leinga skulle nytta ut mot personalet og andre leiaroppgåver. Vi ser også at enkeltsaker kan vekse seg større når vi ikkje får jobba godt nok med sakene frå start. Auka administrative ressursar på skulene vil frigi tid til eit meir systematisk arbeid med skulemiljø. Vi ser det som viktig å både arbeide forebyggjande og å ta tak i saker som har oppstått, for å kunne få ein større grad av stabilitet i skulen. Det er innarbeida ein 50% stillingsressurs til administrasjon i skulane frå 2. kvartal 2023, med heilårskostnad ca. 0,4 mill. kr.

Helse og omsorg

Analyser og utfordringar

A.1 Demografisk utvikling


Tabellen syner at vi får ei markant auke i aldersgruppa 80 år og oppover. Tidlegare har ein stor del av aldersgruppa 80+ hatt vedtak om tenester på det høgste nivået (institusjonsplass) i tenestetrappa vår. Utviklinga dei siste åra viser at dette er i endring. I 2018 hadde 16,3% av dei over 80 år tilbod om langtids plass i institusjon. I 2019 14,9 og i 2020 14,3. Vi har hatt god effekt av dei heildøgnsbemanna bustadane ved Øystre Slidre helsetun som frå 2021 har vore eit nytt trinn i omsorgstrappa vår. Delen over 80 år med institusjonsplass er som følgje av dette 10,8 % i 2021.

	2021	2026	2031	2036	2041	2046
Eldre (67-79 år)	505	527	512	574	609	595
Eldre (80-89 år)	135	195	268	288	287	322
Eldre (90 år og eldre)	25	25	41	63	91	98
Total	3236	3220	3218	3206	3190	3171

Vi ser ein trend som viser at innbyggjarane, uavhengig av alder, i større grad enn tidlegare mottak tenester i heimen og står for ein stor del av dei totale utgiftene innan helse- og omsorg. Vi kan forvente at fleire av dei eldste innbyggjarane i større grad enn tidlegare vil klare seg med tenester i heimen, og vi vil fortsatt dreie innsatsen mot heimetenester. Eit utviklingstrekk er at gjennomsnittsalderen er aukande, og den generelle folkehelsa blir betre. I tillegg forventar vi effekt av auka fokus på førebyggjande tiltak, og at vi difor vil klare oss lenger i eigen heim. Det betyr at dei som er aktuelle for institusjonsplass vil ha lågt funksjonsnivå, og ha trong for omfattande tenester. Vi må forvente at den aldrende befolkninga vil ha behov for eit meir omfattande helsetenestetilbod når dei også bur heime lengre. Samtidig har vi utfordringar knytt til rekruttering innan helse- og omsorgstenestene.

Vi må forventa ei auke i tal flyktningar. Det vil gje eit auka behov for tilbod innanfor kommunale tenester, spesielt legeteneste, helsestasjon og psykisk helseteneste.

Statistikken syner at det er om lag 85 000 eldre med demens i Norge pr 2022. Prognoser framover tilseier at dette talet vil auke, jamfør illustrasjon under. Befolkninga i Øystre Slidre er eldre enn gjennomsnittet i Norge og har difor ein høgare del med demens. Framskrivningar syner ei kraftig auke i talet på personar med demenssjukdomar i perioden fram mot 2050. Mellom 80-90 % av alle som har ein demenssjukdom vil ha behov for døgnbaserte tenester, i omsorgsbustader eller i sjukeheim. Dette vil utfordre oss i stor grad når det gjeld koordinering, nok kapasitet, og kompetanse.



A.2 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Det er sentrale føringar for eit *desentralisert* samfunn bygd nedanfrå. Vi vil sikre at alle kan leve og bu godt uansett kvar dei skulle ynskje å bu. Digitalisering gjer fjernarbeid mogleg på for eksempel hytta, det er forventa at fleire hytteeigarar oppheld seg i kommunen over lengre tid.

Satsing på E-helse og velferdsteknologiske løysingar

Kjernejournal

Kjernejournal er ei elektronisk løysing som samlar helseopplysningar for pasientar i Norge, og gjer helsepersonell tilgang til opplysningane, uavhengig av behandlingsstad. Alle innbyggjarar har kjernejournal.

Velferdsteknologiske løysingar

Øystre Slidre helsetun er eit svært mest moderne helsebygg, og nyttar fleire velferdsteknologiske løysingar. Det er eit mål at kommunen i tida framover også legg til rette for at heimebuande kan oppleve eigenmestring og tryggleik i kvardagen gjennom bruk av velferdsteknologiske løysingar, i tillegg til den hjelp dei treng frå helse- og omsorgstenestene. Medisineringstøtte og bruk av tryggleiksalarmar er gode velferdsteknologiske løysingar som kan leggje til rette for at den einskilde kan bu heime lengst mogleg. For å sikre ein meir effektiv og kvalitativ god oppfølging av pasientane er det kjøpt inn utstyr for digital sårteneste. Målet er at utstyret kan nyttast av heile helse og omsorg og ikkje minst kunne spare pasientar for krevjande turar for konsultasjon ved sjukehus eller lege.

Nasjonalt er det vist til ei auke i psykisk uhelse særleg blant unge, dette er også tilbakemeldingane i kommunen. Det vil bli arbeidd med tilbodet innanfor psykisk helseteneste i samarbeid med dei andre valdreskommunane, for å kunne gje eit sikkert og godt tilbod til dei som har behov for det i framtida, der mellom anna FACT-teamet er sentralt.

Valdreskommunane går over til eit samarbeid med Hallingdal for å gje tilbod om barnevernsvakt og krisesenter. Samarbeidet trer i kraft i 2023.

Ny barnevernlov

Føremålet med den nye lova er å kunne hjelpe barn til rett tid og med rett hjelp. Dette gjeld både innanfor førebygging og å kunne gje fosterheimar innanfor regionen for dei som har behov for det. Måla for reforma er:

- Kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging
- Hjelpa skal bli betre tilpassa barn og familiare sine behov
- Rettstryggleiken til barn og familiar skal bli godt ivareteken
- Ressursbruken og oppgåveløysinga i barnevernet skal bli meir effektiv.

Helse og omsorgstenestelova seier at kommunane skal tilby barnekoordinator til familiar som har, eller som ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og vidare vil ha behov for langvarige og samansette koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester. Vi må bygge opp kapasiteten og kompetansen for å kunne tilby dette til dei familiare som vil ha behov for det.

Kompetanseløft for kommunane si legeteneste

Stortinget har gjort vedtak om at alle legar i kommunehelsetenesta skal være spesialistar i allmenntmedisin, samtidig som sjølvse spesialistutdanninga er lagt om. Kommunane vil få eit større ansvar for å planlegge og tilretteleggje for spesialistutdanninga i allmenntmedisin.

Covid-19

Det er grunn til å rekne med større merksemd om smittsame sjukdomar i alle delar av samfunnet og særleg innan helse og omsorgstenestene. Det er særleg viktig å fange opp at dei som grunna pandemien har opplevd utanforskap, slik at dette ikkje blir ein varig tilstand.

A.3 Lokale utviklingstrekk og utfordringar

Vi er ein turistkommune med store planar om auka aktivitet for alle årstider. Dette inneber fleire deltidssinnbyggjarar og auka tal turistar som opphelde seg i kommunen til kvar tid, og som kan ha behov for helse- og omsorgstenester.

Det pågår ei stadig omstilling i sjukehuset Innlandet som medføra at det er vanskelegare å få lagt pasientar inn i sjukehus, liggetida er reduserte og fleire vert utskrivne til heimkommunen med omfattande og samansette helseutfordringar med behov for spesialisert oppfølging. Det vil vera avgjerande med kompetanseheving innan alle tenestene både i form av kurs, internundervisning, utdanningar og vidareutdanning på alle nivå for å møte behovet.

Vi ser at nyutdanna legar vektlegg det å ha føreseieleg inntekt, få løn under sjukdom og ikkje minst å kunne ta ferie i betydeleg større grad enn tidlegare. Norma for listelengde nasjonalt er sterkt fallande og er no på mellom 600 og 700 pasientar på fastlegelistene. Vi har to legar som har 1230 på sine lister og den tredje har 900. Vi må vurdere kva som bidreg til god rekruttering og ei fortsatt stabil legeteneste framover.

Helse- og tilrettelagte tenester står ovanfor ulike utfordringar som medfører et aukande behov og krav til våre tenester fra innbyggjarane og turistar. Det melder seg et behov for auka samhandling mellom de ulike tenesteområda, f.eks. psykisk helse, legeteneste og helsesøster.

Vi planlegg for eit nytt helsesenter med samlokalisering av legekontor, helsestasjon og psykisk helseteneste. Dette skal, saman med Øystre Slidre helsetun, kunne romme alle dei kommunale

helsetenestene. Det er oppretta ei tverrfaglig prosjektgruppe hausten 2022 som skal utarbeide ein bygg- og aktivitetsplan med særleg vekt på løysningar som legg til rette for gode og effektive helsetenester for innbyggjarane og turistar.

Eksempel på områder der det er utfordringar i kommande økonomiperiode:

- Rekruttere fastlegar, sjukepleiarar og andre med høgare utdanning
- Meir behov for hjelp til barn og unge med samansette utfordringar.
- Høg gjennomsnittsalder på tilsette med stort rekrutteringsbehov i åra som kjem.
- Høgt sjukefråvær

Vi ser ei utvikling i at det år for år blir meir utfordrande å rekruttere kvalifisert personell. Dette gjeld både i faste stillingar, vikariat og ferievikarar. I 2022 har vi for fyrste gong inngått avtale for ekstra lønnskompensasjon ved meirarbeid i sumarferien. Med bakgrunn i den utfordrande bemanningssituasjonen har det vore behov, og vil truleg også vera behov framover, for å nytte vikarbyrå for å sikre tilstrekkeleg bemanning. Det er ikkje ein ønska situasjon.

Kvalitetsvurdering

Vi gjennomførte fram til koronapandemien systematiske brukar- og pårørandeundersøkingar annan kvart år, for å få eit bilete på korleis tenestene våre blir opplevd av brukarane. Vi tek sikte på å gjennomføre nye undersøkingar i 2023.

I 2022 vil alle tenestemråda gjennomføre ei HMS-undersøking for alle tilsette.

Det er eit arbeid med innføring av betre internkontroll i tenestene med bla. bruk av ROS-analyser. Det er utarbeidd mange bruksretta prosedyrar og avvik blir journalført.

Tilsyn

Vi har ikkje hatt tilsyn frå Statsforvaltaren sida 2019. Tilsyn i Tilrettelagte tenester våren 2022 frå Arbeidstilsynet omhandla muskel- og skjelettplager og psykiske plager. Kommunen fekk 7 pålegg. Alle pålegga er lukka.

Tidelings- og bustadkontoret har hatt etterlevelseskontroll frå Innlandsrevisjon på si saksbehandling i forhold til etteroppgjer for langtidsopphald etter forskrift om eigendel for kommunale helse og omsorgstenester. Innlandsrevisjon konkluderer med at dei ikkje har grunn til å tru at kommunen ikkje har etterlevd krava om utrekning av etteroppgjer.

Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbygarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	
	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.	
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	Innanfor budsjett
	Helse og omsorg: Alle barn i barnevernet som har tiltak skal ha tiltaksplan	Andel barn med tiltaksplan av barn med hjelpetiltak
	Helse og omsorg: Minst 82% av dei tilsette skal i løpet av planperioden ha relevant fagutdanning	Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)
	Helse og omsorg: Vi skal bidra til at innbyggjarar skal meistre eget liv.	Satt i gang prosjekt med mål om å bevisstgjere organisasjonen om kva som fremjar eigen meistring 1=Ja 2=Nei Tilbod om førebyggjande samtaler med kvardagsrehabiliteringsteamet til alle som fyller 80 år 1=ja 2=nei
	Helse og omsorg: Vi skal ikkje ha fristbrot i barnevernet.	Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder
	Helse og omsorg: Vi skal legge til rette for at den einskilde skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim.	Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon Tidsbegrenset opphold - gjennomsnittlig antall døgn per opphold (antall)
	Helse og omsorg: Vi skal sikre at alle under 30 år er i arbeid, utdanning eller aktivitet.	
	Helse og omsorg: Vi skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fristen for fakturerbare liggedøgn.	Antall liggedøgn utanfor fristen for fakturerbare liggedøgn

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2020	Øystre Slidre 2021	Kostra- gruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak *)	383 541	469 870	235 280	232 207
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten *) **)	19 929	25 020	13 695	11 107
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten (B) *) **)	21 869	24 549	21 700	21 657
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	35,1 %	41,3 %	38,4 %	33,9 %
Produktivitet				
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	26,7	15,8	15,8	16,4
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *)	49 455	48 571	39 060	51 418
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B) *)	351 196	439 045	282 193	303 292
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *)	1 135 065	1 314 056	1 350 187	1 426 523
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	4 195	4 701	4 395	4 437
Dekningsgrad				
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,7 %	2,9 %	3,2 %	2,7 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	5,3 %	6,5 %	4,9 %	4,4 %
Kvalitet				
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	80,5 %	83,7 %	78,4 %	78,3 %
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	1 107,0	1 117,0	1 036,0	1 145,0
Kommunekasse				
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp (B) (Kommunekasse)	36,5 %	31,2 %	32,6 %	33,2 %
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger (B) (Kommunekasse) *) **)	2 880	2 915	2 638	2 646
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B) (Kommunekasse) *) **)	2 239	2 312	3 132	3 408
Netto driftsutgift per bruker av hjemmebaserte tjenester (254) (Kommunekasse)	358 982	453 664	245 958	285 824
Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B) (Kommunekasse) *) **)	292	831	464	805
Netto driftsutgifter per innbygger (254) helse- og omsorgstj. til hjemmeboende (B) (Kommunekasse) *) **)	10 071	12 305	11 034	11 609
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) (Kommunekasse) *) **)	3 645	4 223	3 777	4 268

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Barnevern

Netto driftsutgifter per barn med tiltak og netto driftsutgifter per innbygger (sjå under "Prioritet") viser auka utgifter samanlikna med tidlegare år, og kommunen ligg høgt over kostragruppa og landet. Det har vore ei auke i tal saker og vi har saker med ei store omfang. Del barn med barnevernstiltak har hatt ei jamn auke dei siste åra. Vi ligg høgare enn landet og kostra på barn som er i ei undersøkelsesfase i barnevernet (sjå under "Dekningsgrad"). Ifølge siste rapport frå vertskommunen Nord-Aurdal er det totalt meir samansette og komplekse bekymringsmeldingar og auka krav til oppfølging, dokumentasjon og tilsyn. For å ivareta forsvarleg drift har det vore nødvendig å leige inn barnevernksulent for å ta unna saker og lukke avvik/fristbrot, og det har vore betydeleg bruk av overtid. Talet på saker medfører høgare utgifter til fosterheimar, konsulentbistand og juridisk bistand. Vi hadde og har ikkje saker innanfor statlege tiltak som gjev refusjon.

Pleie og omsorg - institusjon og heimetenester

Kommunen hadde generelt auka utgifter til pleie og omsorg i 2021, og ligg for dei fleste av kostratala over kontragrupper og landet. Vi viser til kostratala netto driftsutgifter per innbyggjar til pleie- og omsorgstenesta og netto driftsutgifter til omsorgstenester i prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter (sjå under "Prioritet"), utgifter per beboerdøgn i institusjon, og brutto driftsutgifter pr. mottaker av heimetenester (sjå under "Produktivitet"), netto driftsutgift per bruker av heimebaserte teneste og netto driftsutgifter per innbyggjar helse- og omsorgsteneste til heimebuande (sjå under "Kommunekasse").

Årsaker til auka og høge driftskostnader på området kan vera ei blanding av:

- God kvalitet i tenesta.
- Kommunen hadde i 2021 ein auka del brukarretta årsverk i omsorgstenesta med helsefagutdanning, og høgare del enn kontragrupper og landet (sjå under "Kvalitet". Dette skal gje god kvalitet, men kan bidra til høgare kostnader.
- Auka /høge driftskostnader av andre årsakar.
- 2021 og koronaen med auka fråvær har gjeve auka behov for vikarar i heile helse og omsorg. Auka bruk av vikarar har påverka netto driftsresultat på området negativt. Ekstrautgiftene er i stor grad kompensert i rammetilskot mv. i 2021 (som er inntektsført på sentralt område)
- Det er og nytta kjøp av tenester frå bemanningsbyrå i enkelte månader i 2021 for å løyse bemanningsmangelen, ei løysning som er tydeleg dyrare enn å lønne egne tilsette.
- Auka drifts- og kapitalkostnader har auka mykje etter bygging av Helsetunet.
- Driftsutgifter også til gamle sjukeheimen i store deler av 2021, då utflytting fyrst skjedde ut på nyåret, og tømning og oppvarming av bygget skjedde lenge ut over i året.
- Rapportar viser at talet på produserte tenestetimar for helsetenester i heimen er redusert frå 519 t/veka i 2020 til 468 t/veka i 2021, det vil seie 51 t/veka. Det gjev færre produserte tenestetimar å fordele på talet årsverk.
- Kommunen kjøpte også plass med heilårsverknad for tenestemottakarar utanfor kommunen som medførte betydelege utgifter.
- Avlastning i institusjon har auka og avlastning utanfor institusjon er tilsvarande redusert. Dette fører til ein auka kostnad for kommunen utan moglege inntekter, då avlastning er ein vederlagsfri teneste.

Anna førebyggjande helsearbeid

Kommunen har auka utgifter i 2021 innan førebyggjande helsearbeid. Vi viser til kostratala under "Kommunekasse"; Netto driftsutgift per innbyggjar annet forebyggjande helsearbeid har auka mykje og ligg no over kontragrupper og landet. Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til kommunehelse har auka ein del, og ligg over kontragrupper men under landet. Årsaker er behov for smittevernutstyr og arbeid med smittevern. Koronaen er hovudårsak til innkjøpa, og ekstrautgiftene er i hovudsak kompensert i rammetilskot mv., men for vaksineringsarbeid har vi hatt meirutgifter på 1,6 mill. som ikkje er kompensert per 2021.

Netto driftsutgifter til førebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste (sjå under "Kommunekasse") har auka litt, men ligg under kostragrupper og landet.

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Felles helse og omsorg	30 417	20 890	25 031	25 896	25 821	25 635
Helse og tilrettelagde tenester	10 555	9 846	33 196	33 349	33 349	33 349
Førebygging og meistring	28 376	31 082	35 519	35 603	35 603	35 603
Institusjonstenester	29 683	31 455	32 646	32 646	32 646	32 646
IIB Tilrettelagte tenester	16 482	15 637	0	0	0	0
Sum	115 513	108 910	126 392	127 494	127 419	127 233

Samandrag budsjett

Budsjettendringar:

Området har fått auka driftsrammer, som i hovudsak skuldast:

Felles helse og omsorg:

- Interkommunale samarbeid, auke på 4,2 mill. I hovudsak korrigert budsjett på barnevern (jf. budsjettavvik siste par år), og auke på legevakt.
- Tilskot til bustadutbetring mv. for vanskelegstilte, auke med 0,2 mill.
- Barnekoordinator-funksjonen styrka med 0,3 mill. årleg.
- Reduksjon i stilling kommunalsjef, etter at det i 2022 vart felles kommunalsjef for opplæring og kultur og helse og omsorg.
- Inntekter bustadutleige er auka med 0,6 mill.

Helse og tilrettelagde tenester:

- Auka med 6,5 årsverk i tilrettelagde tenester, tilsvarande om lag 4,6 mill. I hovudsak grunna nye brukarar. Det låg også ein mangel/feil i lønsbudsjettet for -22 (vel 1 årsverk).
- Auka med ein 4. fastlege mv., ca. 0,5 mill. i netto årskostnad.
- Auka psykisk helseteneste med 0,04 mill.
- Anna auke skuldast i all hovudsak lønnsstigning.

Førebygging og meistring:

- Demenskontakt lagt inn med ein auke på 0,3 mill.
- Anna auke skuldast i all hovudsak lønnsstigning.

Institusjonstenester:

- Det er reduksjon i kjøp av ekstern plass, innsparing 1,5 mill.
- Anna auke skuldast i all hovudsak lønnsstigning.

Nye tiltak

4. fastlege mv.

Vi har per i dag ikkje tilstrekkeleg legekapasitet. Det er rundt 80 pasientar på venteliste for fastlege i kommunen, og fleire vekers ventetid for ordinære konsultasjonar. Vi er heller ikkje i stand til å dekke våre plikter til å yte legetenester inn i den interkommunale legevaktordninga.

Vi har lagt til grunn ei ny kommunal stilling frå 2.halvår 2023. Stillinga vil ha liten fastlege-liste i starten.

Barnekoordinator-funksjonen

Kommunen har fått eit større ansvar etter barnevernsreforma i fjor. Kommunen skal tilby barnekoordinator til barn og familiar der barnet har behov for langvarig og samansette koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester. I oppvekstplanen, som nettopp var til politisk behandling, vart det vurdert behov for ei ny 50% stillingsressurs til barnekoordinator. Det er innarbeida i budsjettet frå 2.kvartal 2023 med heilårskostnad på vel 0,3 mill.

Demenskontakt 40%

Det er venta ei sterk auke i talet på personar med demens i tida framover. Det vil vera behov for oppfølging, koordinering og kompetanseheving på området for å kunne levere fagleg forsvarlege tenester for brukargruppa. Det er oppretta demenskontakt 40 % stilling frå 2. kvartal 2023, med heilårskostnad på vel 0,3 mill.

Psykisk helseteneste 5% stilling

Det er behov for å auke tilbod til barn og unge, ved å auke ei stilling med 5%. Dette er innarbeida i budsjettet frå 2023 med 38` i auka årskostnad.

Tilskot til bustadutbetring mv. for vanskelegstilte -23-

Stortinget vedtok frå 2020 å innlemme tilskot til etablering og tilskot til tilpassing, utredning og prosjektering i kommuneramma. Tilskotet skal vera med å legge til rette for at den enkelte skal kunne leve og bu sjølvstendig i eigen heim lengst mogleg. Per 11.11.2022 er det kjent innvilga og utbetalt ca. 0,15 mill. Budsjettposten er lagt inn med 0,2 mill. frå 2023.

Tekniske tenester

Analyser og utfordringar

A.1 Demografisk utvikling

Vi viser til kapittel om utvikling i befolkning. Vi har siste åra hatt svak befolkningsvekst og vekst i tal deltidsinnbyggjarar. Auka tal innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar vil gje behov for auka kapasitet til planlegging og utbygging av kommunal infrastruktur, frå utarbeiding av reguleringsplanar, planlegging, utbygging og drift av veg, vatn og avløp, oppmåling, handsaming av byggjesaker m.v. Målsetting om årleg vekst på 1% i talet på deltidsinnbyggjarar og ei dobling av talet på gjestedøgn på Beitostølen fram til 2035, slik det er formulert i samfunnsdelen, vil også sette krav til omfang og kvalitet på tenestene innan teknisk sektor. I dei seinare åra har det årleg blitt gjeve bruksløyve/ferdigattest til 50 – 60 fritidseigedomar. I tillegg kjem ei rekkje leilegheiter.

Handlingsdelen av VVA-planen vart revidert i 2021. Vi har ein ambisiøse planar for utbygginga av sikrere vassforsyning, auka kapasitet på avløpsreinsinga og utbygging av VA-leidningsnettet både i hytteområde og i bygda. Handlingsplanen vil legge til rette for å kunne nå målet om 1% årleg vekst i innbyggartal og deltidsinnbyggartal.

A.2 Områda

Næring

Kommunen vedtok i 2021 ny samfunnsplan. Gjennom planen sin næringsstrategi og mål om næringsutvikling har vi fått eit grunnlag for eit langsiktig og målretta næringsutviklingsarbeid. Planarbeid og arealbruk er kommunen sitt viktigaste verktøy i næringsutviklingsarbeidet. Utvikling mot ei meir målretta sentrumssatsing i planarbeidet og i samarbeid med private aktørar har gitt gode resultat, og vi ynskjer å gå vidare og forsterke dette arbeidet, både på Beitostølen og på Heggenes.

Innføring av eigedomsskatt har gitt kommunen musklar til ei satsing på næringsområdet, og vi held fast på å nytte midlane til ulike fellestiltak som dei fleste næringsverksemdar har nytte av.

Kommunen har etablert ordningar med økonomiske verkemiddel som forsterkar eksisterande BU-ordning i landbruket. Dette har resultert i fleire nybygg. Beitebruksplanen som vart godkjent i 2021 vil vera eit viktig verktøy for å styrke beitenæringa, og på sikt redusere konflikter knytt til arealbruk.

Vi har etablert næringsklynga Klima+, som har fått tilslutnad frå både utbyggjarar og andre bedrifter. Vi har inngått intensjonsavtalar med utbyggjarar m.v. for å samarbeide om utvikling av gode klimaløysingar for desse utbyggingsprosjekta. Vi ønskjer å utvikle klimarelaterte føresegner i planverket, som set rammer for utbyggingane.

Plan

Revisjon av arealdelen av kommuneplanen, inkl. kommunedelplanane for Beitostølen og Gravfjellet, blir sentralt i året som kjem. Dette vil leggja føreseielegerammer for arealbruken i kommunen i dei komande åra.

Fleire reguleringsplanar er i prosess eller varsla, m.a. reguleringsplan for Aasgaarden III, reguleringsplan for Skjenhaugslie, reguleringsplan for Liahaugstølen, reguleringsplanar i Javnlia og områdeplan for Størrtjednlie. Dette er ein omfattande planar som vil gje rom for stor byggeverksemd i åra som kjem om marknaden er klar for det.

Byggesak, oppmåling og spreidd avløp

Sakshandsamingstida på byggjesaker har aukande i det siste, noko som viser behovet for auka kapasitet innan dette området. Vi har ein status i høve matrikkelen dei fleste kommunane vil misunne oss.

Vatn og avløp

Vi har tilsyn frå Statsforvaltaren, Mattilsynet og gjennomfører eigenkontroll innan vassforsyning og avløp. Det er få eller ingen avvik i desse tilsyna/eigenkontrollen, noko som tyder på god kvalitet. I internkontrollen er det laga ROS-analysar og prosedyrar. Det er laga beredskapsplanar for Ole og Kolstad vassverk, begge desse planane er oppdatert i 2022. Vaktordninga innanfor VA-tenesta gir full tilgjenge for publikum.

I statsforvalteren sin tilbakemelding på eigenkontrollrapportar ved Beito Ra for 2021 står følgjande:

Beito reinseanlegg har fungert godt i 2021, og overheld reinsekrava for BOF og KOF. Også for total fosfor vart både konsentrasjons-kravet og krav om gjennomsnittleg reinseffekt på 92% overhalde. Men, reinsinga av fosfor blei påverka av overbelastning i påsken og rapporten visar at reinsekrava blei overstige med meir enn 100%. Også konsentrasjonen av BOF var høgre enn konsentrasjons-kravet i påsken. Totalt sett ble difor reinsekrava for fosfor ikkje overhalde for 2021.

Statsforvaltaren forventar at kommunen kan dokumentere at det er tilstrekkeleg kapasitet på både avløpsnett og reinseanlegg før de gir løyve til nye påslepp av avløpsvatn til reinseanlegg i kommunen.

Dette problemet har ei langsiktig løysing som inneber overføring av avløpsvatn til nye Nedrefoss RA reinseanlegg. I mellomtida vil det vera naudsynt å gjera tiltak i periodar med høg belastning, som for eksempel døgnbemanning av Beito RA.

Vi har vore og er ambisiøse på VA-området. Dette har vore naudsynt for å sikre vatn av god kvalitet og hindre forureining. Kommunen har heimel til å krevje tilkopling til offentleg nett om kostnadane til bygging av private stikkleidningar ikkje blir for høge. Rettspraksis har vist kostnader til privat stikkleidning på kring 250 000. Dette er eit arbeids som må få auka merksemd etter utbygging av VA-anlegg.

FDV (forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg)

Det vert gjennomført jamleg branntilsyn av føremålsbygga, og ved avvik retter vi dette fortløpande. Det er investert i eit FDV-system der kommunen som byggeigar etter kvart har full oversikt og kontroll med dokumentasjon, aktivitetar og avvik på sine eiga bygg. Sjølv om bygga er nye, så er det mykje «tekniske» installasjonar som kan vere dyre og vanskelege å drifte. Det er også eldre bygg som treng vedlikehald og

Økonomiplan for 2023-2026

rehabilitering. Vi ser eit særleg behov for å gjennomføre vedlikehaldstiltak som reduserer energibruken i kommunale bygg. Dette vil også ha ei langsiktig positiv verknad på kommuneøkonomien.

Auka behov for vedlikehald og tilrettelegging i samband med busetting av flyktningar er tidkrevjande. Det medfører redusert ettersyn og kontroll av den øvrige bygningsmassen.

Veg

Det vert ikkje asfaltert kommunale vegar i 2022. Ekstraordinært vedlikehald som følgje av flaumskade kan medføre høgare driftsutgifter ved vårløysinga og på hausten.

Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	
	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarende tenester.	
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	Innanfor budsjett
	Tekniske tenester: Alle bygg i kommunen skal vera lagd inn i matrikkel pr. 1.febr. kvart år.	Del av bygningar som er lagt inn i matrikkel før 1.februar
	Tekniske tenester: Vi skal gjennomføre minst 10 tilsyn med nye anlegg for spreidd avløp og minst 20 % av eldre anlegg skal få tilsyn kvart år.	Antal tilsyn spreidd avløp
	Tekniske tenester: Vi skal halde alle fristane i plan- og bygningslova for byggesaker.	Antall søknader med saksbehandlingstid over lovpålagt tid
	Tekniske tenester: Vi skal knytte abonnentar til kommunalt VA-leidning som ikkje er knytt til kommunalt anlegg.	Alle bustader og fritidsbustader som har ein kostnad for framføring og tilknytning på under kr 300.000, skal knyttast til kommunalt VA-anlegg.
	Tekniske tenester: Vi skal sikre at alle abonnentar knytt til kommunale vassforsyningsanlegg får vatn av tilfredsstillende kvalitet.	E.coli: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater
		Farge: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater
		Intestinale enterokokker: Andel innbyggere tilknyttet komm.vannverk med tilfredsstillende prøver
	PH: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater	

Økonomiplan for 2023-2026

Hovudmål	Delmål	Indikator
Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.	Tekniske tenester: Det blir bygd to ny driftsbygningar i landbruket i året.	Tal på nye driftsbygningar med ferdigattest i året
	Tekniske tenester: Kommunen skal vedta sti og løypeplan.	Kommunen har vedteke sti- og løypeplan - ja=1, nei=2
	Tekniske tenester: Vi skal gjennomføre Klima+-prosjektet.	Klima+-prosjektet er gjennomført - ja=1, nei=2
	Tekniske tenester: Vi skal i samarbeid med andre etablere eit nasjonalt senter for fjellandbruket på Løken gard.	Det er etablert nasjonalt ressurscenter for fjellandbruket på Løken gard - ja=1, nei=2
	Tekniske tenester: Vi skal revidere arealdelen av kommuneplanen.	Samfunnsdelen av kommunedelplanen er revidert - ja=1, nei = 2
	Tekniske tenester: Vi skal til ei kvar tid ha kommunale næringsseigedomar og bustadtomter for sal.	Kommunen har kommunale næringsseigedomar og bustadtomter for sal - ja=1, nei=2

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2020	Øystre Slidre 2021	Kostra- gruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	22,9	29,2	17,8	16,3
Kommunale boliger brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	1 210	1 605	1 520	1 721
Netto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate *)	152 033	131 207	99 717	166 720
Produktivitet				
Avløp - driftsutgifter per innbyggere tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb) *)	4 962	3 394		1 426
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	18	4	26	30
Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) *)	10 004	8 582		1 275
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr) *)	4 786	6 088	5 452	4 435
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr) *)	2 999	4 208	4 932	4 033
Dekningsgrad				
Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste (prosent)	43,1 %	53,8 %		84,0 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal vannforsyning	21,4 %	21,3 %		81,6 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet privat eller kommunalt vannverk	61,6 %	61,3 %		85,7 %
Vann - Andel av husholdningsabonentene som har installert vannmåler	95,0 %	95,0 %		42,2 %
Kvalitet				
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret +1) *)	555	554	619	533
Grunnlagsdata (Nivå 3)				
Byggesaksgebyr for oppføring av enebolig (kr) *)	13 485	19 400	13 166	16 154
Andre nøkkeltal				
Samlet energibruk i adm.lokaler, egne bygg, per m2, konsern	99	133		159
Samlet energibruk i komm. institusjonslokaler, egne bygg, per m2, konsern	274	183		191
Samlet energibruk i komm. skolelokaler, egne bygg, per m2, konsern	163	180		124
Kommunekasse				
Netto driftsutgifter per innbygger (325) tilrettelegging og bistand for næringslivet (B) (Kommunekasse) *) **)	-254	-311	515	203
Netto driftsutgifter per innbygger (329) landbruksforvaltning og landbruksbasert nær.utv. (B) (Kommunekasse) *) **)	141	135	106	118

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Utrykningar til brannar og anna

Her ligg vi høgare enn kontragrupper 4 og landet utanom Oslo. Det er Valdres brann- og redningsteneste IKS som har ansvaret for denne tenesta på vegne av kommunen, og vi viser til deira årsrapport på www.valdresbrannvesen.no.

Sakshandsamingstid.

På dette området har vi heilt klart ein aukande tendens. Tilfanget av saker har vore større dei siste åra i takt med gode konjunkturar for hytte- og fritidsmarknaden. Sakstilgangen er også syklisk, då det er vesentleg fleire søknadar frå våren og ut over sommaren, enn frå hausten mot vinteren. Dette utfordrar oss på kapasitet. Vidare har avdelinga hatt ei lengre sjukmelding, vakante stillingar og fødselspermisjon, slika at den samla kapasiteten i periodar har vore betydeleg redusert.

Byggesaksgebyr for oppføring av eiebustad.

Byggesaksgebyret for eiebustadar er auka på like linje med dei fleste andre gebyrområda. Vi ligg noko over kostragruppe 04, forskjellen er mindre i forhold til landet utanom Oslo. Gebyret er justert ned til kr 16.400 for 2022.

Tilrettelegging og bistand for næringslivet.

Kommunen nyttar ein betydeleg sum på støtte og bistand for næringslivet.

Oversikt over næringsmessig bruk av eigedomsskatt i vedlegg viser at kommunen i 2021 nytta 11.458` til ulike tiltak som skal hjelpe næringslivet. Tiltaka er ført på ulike funksjonar, i tråd med gjeldande kostra-regelverk. 5.013` er ført på funksjon tilrettelegging og bistand for næringslivet. 1.364` er ført på funksjon landbruk, 372` på funksjon for tenester utanom ordinært kommunalt ansvarsområde, 272` på veg, 386` på naturforvaltning og friluftsliv, og 4.051` i investeringsregnskapet.

Tala for tilrettelegging og bistand for næringslivet i kostra-tabellen skil seg frå fjoråret, då bl.a. støtte til løypekøyring på 750` og leige av skiløyper på ca. 300` no er bokført på annan funksjon. Støtte til landbruk på 1.364` er ført på eigen funksjon.

Det er ført enkelte inntekter på denne funksjonen der tilhøyrande kostnader ikkje er ført på same funksjon. Dette gjeld:

- Konesjonsavgift-inntekt på 4.156` knytt til kraft er ført som inntekt på denne funksjonen, medan bruken (til kapitalkostnader for investeringar) er ført på annan funksjon i tråd med kostra-reglane.
- Kommunen har motteke 5.212` frå staten, i hovudsak til diverse støtteordningar for koronaen. Desse midla er etter søknad fordelt ut til bedriftene og kostnadsført på denne same funksjonen. Unntaket er siste tildelingane på 1.796`, som er avsett til bunde fond. Inntekta er ført på denne funksjonen, men avsetning til bundne fond, 1.796`, er ikkje med som kostnad i kostra-nøkkeltalet.
- Andre vegen går næringsfondmiddel kommunen fekk i 2020 i samband med koronaen, som vart avsett på fond i 2020 og nytta i 2021, kr 1.441`.

Kommunen sine netto utgifter på denne funksjonen er på grunn av punkta ovanfor positive i 2021 (og 2020), og kostra-indikatoren gjev såleis eit noko «feil» bilete. Justert for konesjonsavgift og unytta tilskot er kommunen sine utgifter i 2021 omlag 3.500` på denne funksjonen, eller omlag 1072 kr /innbygger.

Vi viser også til kostra-indikatorane for landbruk, og for naturforvaltning og friluftsliv, som også inneheld tilrettelegging og bistand for næringslivet:

Netto driftsutgifter landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling.

Tabellen viser at kommunen nyttar ein betydeleg sum på dette området, meir enn snittet i kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Det blir nytta omlag ein million kroner på ei støtteordning som supplerer tilskot frå Innovasjon Norge i byggjesaker for driftsbygg.

Netto driftsutgifter naturforvaltning og friluftsliv

Tabellen viser at kommunen nyttar ein stor sum på dette området, meir enn snittet i kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Under denne funksjonen er det bl.a. ført tilskot til løyper og stiar med 386`, og ein del av Klima+-satsinga.

Vatn og avløp

Øystre Slidre kommune har høg aktivitet på investeringsprosjekt, store avstandar og fleire vassverk og reinseanlegg å drifte. Vi er ein kommune med få innbyggjarar og mange hytter. Dette bidreg til relativt høge driftsutgifter pr innbyggjar i forhold til kostragruppe 4 og landet (utan Oslo).

Samla sett er gebyrnivået for vatn og avløp på linje med kostragruppe 4, og om lag 1800 kr høgare enn landet (utan Oslo).

Tal abonnentar knytt til kommunalt vatn og avløpsanlegg ligg godt under landet (utan Oslo). Øystre Slidre kommune har vedteke planer om å auke delen knytt til kommunale anlegg. Frå 2020 til 2021 økte delen knytt til kommunalt avløpsanlegg med 10 %, medan delen knytt til kommunal vassforsyning ikkje auka.

Ein stor del (95%) av abonnentane i Øystre Slidre har installert vassmålar, dette bidreg til rettferdig fordeling av dei variable utgiftene.

Kommunale bustader

Brutto driftsutgifter for kommunale bustader per innbyggjar auka frå 2020 til 2021. Det skuldast m.a. fleire nye omsorgsbustader på helsetunet frå 2021. Det skuldast og auke i straumkostnad og kommunale eigedomsavgifter pga. høgare prisar og auka areal, og auka reinhaldskostnad pga. auka areal. Kommunen sine kostnader per innbyggjar er høgare enn kostragruppe 4, men noko lågare enn landet (utan Oslo). Kommunen har stor del eldre, noko som bidreg til at kommunen har behov for og har fleire kommunale bustader.

Veg

Driftsutgiftene til kommunale vegar ligg godt over kostragruppe 4, men godt under landet (utan Oslo). Frå 2018 har driftsutgiftene til veg gått frå 162 560 til 131 207 kr pr kilometer veg. Kommunen har få km med kommunal veg. Kommunen har mykje vedlikehald på vegane både sommar og vinter. Vi har truleg betre vedlikehald enn mange kommunar i kostragruppe 4.

Kommunale bygg, m.a. energikostnader

Netto utgifter til drift av administrasjonslokale ligg på linje med kostragruppe 4 og lågare enn landet (utan Oslo).

Netto utgifter per m² institusjonslokale og skuler viser nedgang frå året før, men det skuldast at forsikring i 2021 er ført på eigen forvaltningsfunksjon (i tråd med kostra), medan det i fjor vart ført på byggfunksjon.

Bygningar for institusjon og skule har ei høgare netto driftsutgift per m² enn både kostragruppe 4 og landet (utan Oslo). Årsakene kan vera fleire:

Økonomiplan for 2023-2026

Kommunen har tre skuler, noko som medfører høgare driftsutgifter, også per m2, fordi det då er behov for meir ettersyn/bemannning, fleire fyrings-, ventilasjons- og brannanlegg mv.

Kommunen har nye institusjonslokaler i helsetunet, avskrivningar på bygget er høge og bidreg til kostnader over snittet.

Energikostnadene utgjer ein stor del av kostnadene. Energikostnader pr kvadratmeter bygg er høgare enn landet (utan Oslo) og kostragruppe 4 for alle bygg forutan administrasjonslokale. Ein ser og ei betydeleg auke frå 2020 til 2021, som i hovudsak skuldast auka straumprisar. Kommunen har høgare energikostnader enn kostragruppe 4 og landet, for bygga samla, og for institusjonslokaler og skuler. Kostnadene låg høgare også året før. Vår kommune har mykje vinter og dermed mykje oppvarmingsbehov. Kommunen har varma opp gammal sjukeheim til eit visst nivå også etter at den vart tømt. Oppvarming krev mykje energi, både fordi lokalet er gammalt og utan folk. Det var fyrst seint på hausten, når alt var tømt, og vatnet stengt av, at straumen vart slått av. Med høgare straumprisar har kommunen på slutten av året auka fokuset på enøk tiltak i drift og planlagde investeringar.

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Felles tekniske tenester	11	510	84	84	84	84
Teknisk drift	29 895	20 521	41 003	36 194	34 575	34 860
Næring plan og byggesak	10 847	10 019	12 289	11 706	11 989	11 989
Sum	40 754	31 050	53 376	47 984	46 648	46 933

Samandrag budsjett

Budsjettendringar

Budsjetttramman for "Tekniske tenester" går vesentleg opp i planperioden (jf. tabell under kap. "Driftsbudsjett"). Det skuldast i hovudsak:

Teknisk drift:

Auken er for det meste flytting av budsjettpostar, og ikkje realendringar. Hovudårsak er at mykje av finansieringa (bruk av fond) for sjølvkostområda (vatn og avløp) er flytta frå tekniske tenester, der all bruk av sjølvkost-fond har lege hittil, til dei områda der ressursinnsatsen er ført, m.a. til fellesområde for finansiering av finanskostnader for sjølvkost, og til "Rådmannen - fellesområde" for finansiering av administrative kostnader. Samla sett er sjølvkostområda saldert i null, i tråd med tidlegare vedtak om 100% gebyrfinansiering.

Følgjande postar er lagt inn med reell auke:

- Straumkostnadene har auka svært mykje siste året, og det er uvanleg svingande og usikker marknad framover. Vi har lagt til grunn ein straumpris i 2023 på nivå med snittet i 2022 (spotpris 1,8 kr/kWh), og at den vil gå litt ned att til 75 øre i 2024 og 50 øre i 2025-2026. For

Økonomiplan for 2023-2026

generaløkonomien inneber det ei auka kostnad på 7,5 mill. i 2023, og 4,2 mill. i 2024 og 3 mill. i 2025-2026.

- Auke i interkommunal kostnad; Valdres brann og redningsteneste med 0,5 mill.
- Lønsstigning.

Det er lagt inn auka vedlikehald bustader (900`), som er finansiert av flyktningtilskot. Styrkinga påverkar dermed ikkje nettoramma til området.

Særskilt om vatn og avløp (sjølvkost)

Sjølvkost for vatn og avløp blir finansiert 100% med gebyr frå abonnentane. Sjølvkostkalkylene viser gebyrauke som er høgare for 2023 enn det vi legg opp til i gebyrlista til kommunen. Vi har lagt til grunn føresetnaden i den vedtekne handlingsplan for VVA om å framføre underskot ut over dei ordinære fem åra i sjølvkostforskrifta. Kommunen kan gjera dette ved høgt investeringsnivå.

Næring plan og byggjesak:

Auken i budsjettramma skuldast i hovudsak:

- Redusert avdragsinntekt frå Mellad`n Turløyper (498`).
- Redusert finansiering av sjølvkost-fond, då finansiering av administrasjonskostnader er flytta til området "Rådmannen - felles".
- Lønsstigning.

Det er lagt inn styrking i form av eitt nytt årsverk byggjesak, som er finansiert over sjølvkost. Styrkinga påverkar dermed ik

kje nettoramma til området.

Innsparingstiltak

Eigedomsskattebruk næringstiltak ØP-23

Vi har som del av arbeidet med å balansere økonomiplanen teke ut nokre tiltak som ikkje er bunde av inngåtte avtalar m.v. Bruk av eigedomsskatt til næringsformål summerer seg etter dette til i snitt 10,6 mill. i planperioden.

Investeringar i økonomiplanen

Investeringstabell for kommunen samla

Investeringsplan per prosjekt

Nedanfor følger investeringsplanen per prosjekt, herunder overføring frå 2022 til 2023- ("rebudsj.").

Økonomiplan for 2023-2026

Prosjekt	Rebudsj. 2023		Rebudsj. 2024		Rebudsj. 2025-2026			Ramme 2023-2026	2023-2026 ekskl. rebudsj.	Sum rebudsj.
	2023	2023	2024	2024	2025	2025	2026			
INVESTERINGAR VA (netto mva)										
Mindre VA-anlegg årleg (hovedprosj.)	-	5 000	-	5 000	-	5 000	5 000	20 000	20 000	-
VA-utbygging i bygda (hovedprosj.)	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
